



Haugen Vva AS  
Kanalveien 5  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1501 - 18/17086

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
29.05.2018

## Løyve til etablering av teknisk infrastruktur veg, vatn og avlaupstrase (byggetrinn 2) - gbnr 137/66 Alver


### Administrativt vedtak. Saknr: 266/18


**Tiltakshavar:** Sommerro Panorama AS  
**Ansvarleg søkjar:** Haugen VVA AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av byggetrinn 2 for reguleringsplan Kubbaleitet og omfattar komplett veg-, vann- og avlaupsanlegg fram til bustadfelt BK1, BF2, BF3 BB1 og BB3:

- veg o\_V3 profil 160-285 inkl. fortau
- veg f\_V6
- veg f\_V7 profil 0-5, inkl. planering for ny nettstasjon og oppstillingsplass renovasjon
- felles parkeringsplass f\_P1 m/gangveg
- VA-trase kum O10-S14 i veg o\_V3, S11-S32 i veg f\_V6 og S14-S27 i parkeringsplass f\_P1
- Ny pumpestasjon P1 med overbygg. Nødoverløpsledning frå pumpestasjon leggjast fram til utløp i sjø.
- Stikkleidningar til tomtar
- System for overvasshandtering i vegar (kummar og røyr)





Det vert elles vist til søknad motteken 11.05.18 og dialog i saka.

Vi viser vidare til telefon og epost datert 29.05.18 der det er avklara at riving av fritidsbustad på gbnr. 137/66 utgår frå saka og vert søkt om som eigen sak.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den [dato] og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Areala ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kubbaleitet/planid.: 1263-201215 er definert som bustadføre mål, veg og anna veggrunn.

Tiltaka er vurdert å vere i samsvar med reguleringsplan og godkjent VA-rammeplan teknisk vegplan.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i vegplan byggetrinn2 datert 17.04.18 – teikningsnr.: 8116-B91 og vann- og avløpsplan byggetrinn 2 datert 17.04.18 – teikningsnr 8116-GH91.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

### **Vatn og avløp (VA)**

Plassering av tiltaka er vist på kart datert 17.04.18 vann- og avløpsplan byggetrinn 2– teikningsnr 8116-GH91.

Godkjend VA-rammeplan ligg føre.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Avkjørsle til offentlig veg følgjer av godkjent reguleringsplan. Det ligg føre godkjenning av teknisk vegplan.

### **Terrenghandsaming**

Teikningsdokumentasjon syner eksisterande og nytt terreng, og plassering av tiltak i høve terreng.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Plassering av tiltaket er vist i vegplan byggetrinn 2 datert 17.04.18 – teikningsnr.: 8116-B91 og vann- og avløpsplan byggetrinn 2 datert 17.04.18 – teikningsnr 8116-GH91.

### **Privatrettslege tilhøve**

Det ligg føre fullmakt datert 16.04.18 frå heimelshavar av gbnr 137/49 og 94 som gjev tiltakshavar rett til bygging av veg, vatn og avlaupsanlegg over nemnde grunneigedomar som framgår av reguleringsplan Kubbaleitet.

Det ligg føre fullmakt datert 03.05.18 frå heimelshavar av gbnr 137/53 som gjev tiltakshavar og dennes medhjelper rett til å byggemelde og utføre tiltak på nemnde grunneigedomar som framgår av reguleringsplan Kubbaleitet.

Det ligg føre fullmakt datert 07.05.18 frå heimelshavar av gbnr 137/48 som gjev tiltakshavar og hans medhjelpar rett til å byggemelde og utføre tiltak på nemnde grunneigedomar som framgår av reguleringsplan Kubbaleitet.

Det ligg føre fullmakt datert 03.05.18 frå heimelshavar av gbnr 137/85 som gjev tiltakshavar og hans medhjelpar rett til å byggemelde og utføre tiltak på nemnde grunneigedomar som framgår av reguleringsplan Kubbaleitet.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for følgjande delar av teknisk infrastruktur innanfor reguleringsplan Kubbaleitet/planid.: 1263-201215:

- veg o\_V3 profil 160-285 inkl. fortau
- veg f\_V6
- veg f\_V7 profil 0-5, inkl. planering for ny nettstasjon o\_TB2 og oppstillingsplass renovasjon f\_R1
- felles parkeringsplass f\_P1 m/gangveg
- VA-trase kum O10-S14 i veg o\_V3, S11-S32 i veg f\_V6 og S14-S27 i parkeringsplass f\_P1
- f\_TB1 Ny pumpestasjon P1 med overbygg. Naudoverløpsleidning frå pumpestasjon leggjast fram til utløp i sjø.
- Stikkleidningar til tomtar
- System for overvasshandtering i vegar (kummar og røyr)

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i i vegplan byggetrinn 2 datert 17.04.18 – teikningsnr.: 8116-B91 og vann- og avløpsplan byggetrinn 2 datert 17.04.18 – teikningsnr 8116-GH91, krav om plassering er heimla i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vass- og kloakkanlegg i samsvar med godkjent VA-rammeplan. Det må søkjast om løyve til påkobling til kommunalt vass- og kloakkanlegg for kvar ny bustad som skal koble seg til.
3. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med godkjent reguleringsplan og teknisk vegplan.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/1501

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Haugen Vva AS	Kanalveien 5	5068	BERGEN
Sommerro Panorama AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ
Sommerro Panorama AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ

#### **Mottakarar:**

Haugen Vva AS	Kanalveien 5	5068	BERGEN
---------------	--------------	------	--------